



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestsforvaltar- Alver - 33/13 - Jordal - oppføring av bustad og garasje - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 04.04.2022. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanen for bustadhus, etablering av tilkomstveg og mini reinseanlegg.

Kommunen avslo søknad om dispensasjon i administrativt vedtak saknr. 957/2, datert 16.09.2021.

Vedtaket vart klaga på av Harris Advokatfirma AS på vegne av tiltakshavar.

Utval for areal, plan og miljø gav i møte 08.12.2021, saknr. 180/21 dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanen for bustadhus, etablering av tilkomstveg og mini reinseanlegg.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 24.01.2022.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 23.03.2022 med saknr. 045/22 der Alver kommune sitt vedtak i sak 21/4648, med saknr. 180/21, datert 18.12.2021, vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følge.

Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 i brev av 23.02.2022.

Vi ber om oppnemning av setjestsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Endre Jordal-Aarra

Alver kommune

Benedicte Jordal-Aarra

HARRIS ADVOKATFIRMA AS

Dyrhovden 18

Postboks 4

Dyrhovden 18

Postboks 4115 Sandviken

5993

5906

5993

5835

Ostereidet

FREKHAUG

Ostereidet

BERGEN